



Det vert gjort klart for ytre avdeling av fire mindre rom i kjellaren, teknisk rom, to toalett og lagerrom. F.v: Johannes Hegland og Jan Erik Olsson.

Arbeidet med opprustning av kjellaren i Gamleskulen held fram. Johannes Hegland frå Hegland Bygg og anlegg har skifta alle vindaugo og gjer klart for avdeling for teknisk rom, toalett og lagerrom. Pipa er pussa og veggen mot Grano vert gjort ferdig med tetting. listing og paneling. Den store og flotte gråsteinsmuren vert ikkje kledd inn.

Uskedal utvikling, eigar av huset, iverkset utbetningsarbeidet så langt økonomien tillet det. Egil Myhre og Jan Erik Olsson ser til at arbeidet vert gjort slik ein har tenkt.

Det har før vore eit idemøte med lag og organisasjonar om kva kjellaren skal brukast til. På møte kom det fram ynskje om lagerrom utan at ein på noverande tidspunkt gjer for mykje med den store golvflata. Når kjellaren er rydda, tett og alle romdelingane er på plass, er det natutleg å invitara inn til nytt brukarmøte. Ein må mellom anna finna plass til Uskedal musikklag sitt lysutstyr til Julegrana.

Gamleksulen er eit bygg frå 1902, ikkje isolert og til dels ope opp i alle ytterveggar. Det må gjerast eit grundig tettingsarbeid for å hala på varmen i bygget.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Johannes Hegland frå Helgand Bygg og anlegg har skifta alle vindaugo i kjellaren.